

Kontaktperson:

Daglig leder: Daniela Plozicki

Styrets formann: Olav E. Føreland

Månadsbrev

Desember



Kjære kunde

Fyrst av alt vil styret i Dølemo Nærmat AS ynskje dykk alle eit godt nytt år! Butikken har vore gjennom eit vanskelig år og det har stundom vore usikkert om vi ville klare å halde fram med drifta på ein forsvarleg måte. Butikken har ennå utfordringar å stri med, men styret ser at det kan vere håp dersom den gode trenden frå slutten av 2009 kan fortsette inn i 2010! Vi er heilt prisgitt dykk kundar for å klare dette.


Styret er og glad for at så mange av dykk ser ut til å setje pris på sundagsope butikk og at dykk brukar sundagskafeen. Sundagskafeen er blitt ein sosial samlingsstad for mange dølemofolk og ein stad der kreative tankar spirar.

Vi kjem i 2010 til å setje i verk fleire av dei ideane dykk sikkert har lese om i ÅmliAvisa og i Agderposten. Dieselutsal og pub er to av desse ideane. Det kjem, reint praktisk, til å vere vanskelig å få dieselutsalet i gang før til våren. Det skal leggast straum til pumpa, og fleire søknadar skal vere godkjente før vi får lov til å selje drivstoff. Dykk får ha litt tolmod med oss.

Anette Gjermones har, som dykk sikkert har lese, kome med ideen om å skape ein ny sosial treffstad på Dølemo. Det har kome styret i Dølemo Nærmat AS for øyret at ikkje alle er like glade for at det vert etablera pub (ein eller to gonger i månaden) i kaféløkala til butikken. Vi er vare for desse meldingane, men har lyst til å kome med fylgjande bøn: Gi ideen ein moglegheit til å bli prøva før dykk dømmar tiltaket negativt. Vi ber og om at dei av dykk som har andre innspel, positive eller kritiske, tek direkte kontakt med oss i styret slik at vi kan sjå på kva som kan gjerast.

Så vil vi til slutt ønske at dei gode haldningane til butikken, som vi følte kom i slutten av 2009, vert tatt med over i 2010, og at dette året kan bli eit positivt vendepunkt for butikken vår!

Omsetningstal veke 49-52 og ut året



Omsetningstal 2009

Omsetningstala for heile 2009 finn dykk på side 2 av dette brevet. Som dykk kan sjå er trenden svært gledelig frå veke 42. (Då "nedleggingsbrevet" kom.)

Månadens DølemoJoker

Vi trekjer ein ny vinnar for desember søndag 10.01. Denne vinnaren samt vinnaren for januar vert publisera i neste månadsbrev.

Status omsetning

Brutttotal viser forskjellen mellom varekjøp og varesal. Det er desse tala som viser kva butikken kan bruke av pengar til lønn og andre kostnader.

Helsing styret i Dølemo Nærmat

v/Olav E. Føreland / Styreleiar Tlf: 90591955

Dølemo Nærmat AS

Dagligvarebutikken for DEG!

Omsetningsutvikling pr. år

